



Statoil Petroleum AS  
4035 STAVANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2580 - 15/31909

Saksbehandlar:  
Christian H. Reinshol  
Christian.Reinshol@lindas.kommune.no

Dato:  
13.10.2015

## Høyringsuttale - tilleggsutgreiing for Johan Sverdrup oljerøyrleidning, Fensfjord-traseen

Me viser til oversendt høyring av tilleggutgreiing for Johan Sverdrup oljerøyrleidning – Fensfjord-traseen, motteke her 15. september 2015. Lindås kommune vil gje administrativ uttale til tilleggsutgreiinga og vil eventuelt ettersende ei politisk uttale i samband med første møte i Formannskapet i kommunen 29. oktober.

Den mottekne tilleggsutgreiinga for alternativ Fensfjord-trasé inneholder utgreiinger knytt til etablering av oljerøyr i sjø vest for Fedje og inn Fensfjorden til Mongstad.

Når det gjeld tilhøvet til naturmiljø meiner adminstrasjonen at dette tilhøvet er utgreidd tilfredsstillande. Det vert peika på at det er viktige område for sjøfugl langs traseen, men det er ikkje avdekkja tilhøve som tilseier at det må gjerast spesielle tiltak for å verne desse i samband med anleggsperioden.

I høve landskap så vil oljerøyret kun påverke landskapet i samband med mottak av og framføring av oljerøyr til fjellhallane inne på raffineriområdet på Mongstad, og adminstrasjonen kan ikkje sjå at dette vil påverke landskapet i nemneverdig grad, då området allereie er utbygd med liknande konstruksjonar.

I høve kulturminner skal tiltaket følgje eksisterande trasé for røyrleidningar inn mot Mongstad og administasjonen kan ikkje sjå at det tidlegare er avdekkja spesielle kulturminner i denne traseen. Adminstrasjonen vil likevel peika på at dersom det skulle avdekkast kulturminner i samband med legging av røyr, må arbeidet stoppast og relevante kulturmynde må kontaktast for vidare avklaring.

Det er planlagt nokre utslepp av kjemikaliehaldig vatn og plassering av borekaks i samband med høvesvis klargjering av oljerøyret for drift og borehol for leidningen til Mongstadterminalen. I tillegg vil det vere utslepp til luft i samband med legging av røyra i anleggsfasen. Det vil også verte noko boreslam i samband med boring av pilothol for borehole. Adminstrasjonen vil peika på at det er viktig å halde kontroll på boreslam i samband med boring av pilothol for røyrleidninga. Det er også sentralt at kjemikalieutslepp i samband med klargjering av røyret vert halde til område der utsleppa ikkje vil påverke natur eller miljø i særleg grad.



Etableringa av oljerøyret vil kunne ha verknader for fiskeriverksemd langs den aktuelle traseen. Administrasjonen vil peike på at det er sentralt at tiltakshavar har god kommunikasjon med aktuelle brukarar av områda som kan verte påverka av oljerørtraseen og avdekker moglege ulemper for brukarane som følgje av etableringa. Eventuelle avbøtande tiltak bør vurderast i samråd med næringa.

I høve skipstrafikk må det sør gast for god kommunikasjon med trafikksentralen for å unngå uønskte hendingar i samband med legging av røyr i anleggsfasen.

Eksisterande røyr- og kabeltrasear inn mot Mongstad gjennom Fensfjorden er godt kartlagt. Det er likevel svært sentralt at alle tilhøve som kan føre til risiko for brot på desse ledningane er tilstrekkeleg avklart før ein går i gang med anleggsarbeid for legging av oljerøyret. Dette gjeld både tiltak på eksisterande fyllingar og nye tiltak som fyllingar og motvekter. Vidare er det viktig at eventuelle konsekvensar og moglege uønskte hendingar som kan oppstå i tilknyting med utlegging av røyra er kartlagt grundig.

Konsekvensar som følgje av eit brot på desse leidningane vil kunne få alvorlege miljømessige følgjer, men også alvorlege økonomiske følgjer for den enkelte eigar av røyr/kabel og samfunnsmessige følgjer som følgje av bortfall av aktivitetar på Mongstad i perioden eit eventuelt brot skal rettast opp.

Det vert vist til at delar av traseen som vert vurdert til oljerøyleidningen er trasé som tidlegare er vurdert til etablering av eksportleidning for CO<sub>2</sub> til sokkelen for lagring. Administrasjonen meiner at traseen som er vurdert til dette føremålet framleis bør prioriterast for mogleg framtidig lagring av CO<sub>2</sub>, all den tid testesenteret for CO<sub>2</sub>-fangst på Mongstad framleis er operativt. Det bør også sikrast at areal for eit eventuelt transportrøyr ut frå Mongstad gjennom Fensfjorden vert sett til side under kartlegginga av trasé for oljerøyleidninga.

Når det gjeld samfunnsverknader og sysselsetting, vert det registrert at Fensfjord-traseen vil føre til mindre nasjonale og lokale investeringar enn den planlagte traseen over land. Dei planlagte investeringane som følgje av å legge oljerøyleidningen over land vil vere eit positivt bidrag inn i regionalt næringsliv og tilhøyrande arbeidsplassar og ut i frå eit reint samfunnsmessig perspektiv vil landalternativet vere å føretrekke foran Fensfjord-alternativet.

Med helsing

Arnold Matre  
fagleiar

Christian H. Reinhol  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Olje- og Energidepartementet

Austrheim kommune

Sætremarka 2

5943

AUSTRHEIM



**Mottakarar:**

Statoil Petroleum AS

4035

STAVANGER